

# VEGEN MOT EIN NY KOMMUNE

## Resultat av SWOT-analyse



Hjartdal, april 2015

# ANALYSE AV HJARTDAL KOMMUNE

Dette dokumentet er utarbeidd av rådmannen som ein del av den lokale prosessen med kommunereforma. I tråd med kommunestyret sin vedtekne prosessbeskriving har det i fase 1 av prosessen blitt gjennomført ei analyse av kommunen sine styrker og svakheiter, samt moglegheiter og truslar i samband med kommunereforma.

## SWOT-ANALYSE

Ei SWOT-analyse er ei kartlegging av styrker (Strengths), svakheiter (Weaknesses), moglegheiter (Opportunities) og truslar (Threats).

SWOT-analyse er gjennomført av fem ulike grupper:

- Ope møte for alle innbyggjarar på Tuddal oppvekstsenter 23.02.15. 42 frammøtte.
- Ope møte for innbyggjarar under 30 år på Nordbø pensjonat 03.03.15. 21 frammøtte.
- Ope møte for næringsdrivande på klubbhuset i Sauland 05.03.15. 15 frammøtte.
- Møte for kommunale leiarar og tillitsvalde 04.03.15. 12 deltakarar.
- Kommunestyret 11.03.15. 17 deltakarar.

Dimensjonane "Moglegheiter" og "Truslar" blei differensiert ved å skilje mellom "moglegheiter/truslar som eigen kommune" og "moglegheiter/truslar saman med andre kommunar".


Analysa blei gjennomført ved at deltakarane arbeidde både individuelt og i gruppe. Kvar enkelt skulle først skrive ned på gule lappar dei argumenta han/ho hadde innafør kvar dimensjon. Detter drøfta ei mindre gruppe (3-6 personar) dei ulike argumenta. Detter blei alle argumenta klistra opp på eit flipover-ark. I ettertid er alle argumenta sortert i grupper med samanfallande innhald.

Nedafør er resultatet av analysa presentert gruppevis med prosentvise resultat for kvar dimensjon.

Resultata blir vist som prosentvis fordeling av svar innafør kvar dimensjon. Undersøkinga seiar såleis ikkje noko om vektinga mellom styrker/svakheiter og moglegheiter/truslar.


## Styrker

### *Ope møte for alle*




Figuren viser at det var mange tema som blei peika på som kommunen sine styrker. Det kommunale tenestetilbodet, naturen og kommuneøkonomien var dei tema som flest peika på.

## Ungdomen




Figuren viser at ungdomane peika på tenestetilbodet som den viktigaste styrken til kommunen i dag.

### *Næringslivet*




Figuren viser at næringslivet ser på kommunen sin geografiske plassering, E 134 og turismen som kommunen sine viktigaste styrker.

### *Leiarar/tillitsvalde*



Figuren viser at leiarar og tillitsvalde vurderar det slik at det at kommunen er oversiktleg er den største styrken.


### *Kommunestyret*



Figuren viser at kommunestyret meiner at det kommunale tenestetilbodet, det at kommunen er oversiktleg og kommunen sin økonomi er dei viktigaste styrkane.


## SVAKHEITER

### Ope møte




Figuren viser at deltakarane på det opne møte meinte at kommunen sine svakheiter var knytt til fagmiljøet i kommunen, det låge folketalet og at "det er for smått/ikkje rom for nye tankar".

### Ungdomen




Figuren viser at ungdomane meinte at dårleg vedlikehald av vegar og kommunale bygg, eigedomsskatten og fritidstilbodet er dei største svakheitene ved kommunen i dag.

### Næringslivet



Figuren viser at dei næringsdrivande ser på "eigne" ambisjonar/risikovilje/lønsemd og kommunen sitt fagmiljø som dei viktigaste svakheitene.


### Leiarar/tillitsvalde



Figuren viser at leiarar og tillitsvalde ser på sårbarheita, oppgåvemengda vs ressursar og fagmiljøet som dei største svakheitene.




### *Kommunestyret*



Figuren viser at kommunestyret ser på næringslivet, det at det er "for smått" og fagmiljøet som dei største svakheitene.


## MOGLEGHEITER ALEINE

### *Ope møte*




Figuren viser at deltakarane meinte at moglegheitene ved å halde fram som eigen kommune var størst knytt til lokal styring og det å behalde kommunale tenester.

### *Ungdomen*




Figuren viser at ungdomane meinte at det vil vere lettare å oppretthalde tenestetilbodet og lokaldemokratiet ved å halde fram som eigen kommune.

### *Næringslivet*




Figuren viser at næringslivet meinte at ved å halde fram som eigen kommune kunne ein best utnytte lokale fortrinn og styrke lokaldemokratiet. Omtrent like mange meinte at det ikkje ville utgjere nokon forskjell.

### *Leiarar/tillitsvalde*



Figuren viser at leiarane og dei tillitsvalde meinte at ved å halde fram som eigen kommune vil ein behalde lokaldemokratiet, dei oversiktlege forholda og tenestetilbodet.


### *Kommunestyret*



Figuren viser at kommunestyret meinte at ved å halde fram som eigen kommune ville ein behalde tenestetilbodet og lokaldemokratiet.


## MOGLEGHEITER SAMAN MED ANDRE KOMMUNAR

### *Ope møte*




Figuren viser at deltakarane å dei opne møtet meiner at kommunen sitt fagmiljø og kompetanse vil bli styrka ved ein kommunesamanslåing.

### *Ungdomen*




Figuren viser at ungdomen meinte at det vil bli eit større miljø og betre økonomi ved å slå seg saman med andre kommunar.

### *Næringslivet*




Figuren viser at næringslivet meiner at kommunen sitt fagmiljø/kompetanse og samarbeid/næringsutvikling vil bli styrka ved ei kommunesamanslåing.

### *Leiarar/tillitsvalde*



Figuren viser at leiarar og tillitsvalde meiner at fagmiljøet og tenestetilbodet vil bli styrka ved ei kommunesamanslåing.


### *Kommunestyret*



Figuren viser at kommunestyret meiner at fagmiljøet blir styrka ved ei kommunesamanslåing.


## TRUSLAR ALEINE

### *Ope møte*



Figuren viser at folk er redd for at kommunen sin økonomi blir svekka dersom Hjarthdal held fram som eigen kommune - og at dette vil føre til at det blir dyrare å bu her.


### *Ungdomen*



Figuren viser at ungdomen er redd for svekka økonomi og dårlegare tenestetilbod dersom Hjarthdal held fram som eigen kommune.




### *Næringslivet*




Figuren viser at næringslivet er redd for at kommunen sin økonomi blir svakka og at lokalsamfunnet ikkje blir høyrte dersom Hjarthdal held fram som eigen kommune.

### *Leiarar/tillitsvalde*



Figuren viser at leiarar og tillitsvalde er redd for at fagmiljøet og kommuneøkonomien vil bli svekka dersom Hjarthdal held fram som eigen kommune.


### *Kommunestyret*



Figuren viser at kommunestyret meiner at økonomien vil bli svekka dersom Hjarthdal held fram som eigen kommune.


## TRUSLAR SAMAN

### *Ope møte*




Figuren viser at folk er redd for at tenestetilbodet vil bli svekka/nedlagt og at lokaldemokratiet vil bli svekka dersom Hjartrdal slår seg saman med andre kommunar.

### Ungdomen




Figuren viser at ungdomen er mest redd for at tenestetilbodet vil bli svekka dersom Hjartdal slår seg saman med andre kommunar.

### Næringslivet




Figuren viser at næringslivet er redd for at det vil skje ei sentralisering og at lokaldemokratiet vil bli svekka dersom Hjartdal kommune slår seg saman med andre kommunar.

### *Leiarar/tillitsvalde*



Figuren viser at leiarar og tillitsvalde er redd for at tenestetilbodet blir svakka, at det vil skje ei sentralisering og at det vil gå ut over arbeidsplassar og arbeidsmiljø dersom Hjartdal slår seg saman med andre kommunar.

## Kommunestyret



Figuren viser at kommunestyret er redd for at lokaldemokratiet vil bli svekka og folketalet vil gå ned dersom Hjartdal slår seg saman med andre kommunar.

## OPPSUMMERING SWOT-ANALYSE

<b>STYRKER</b>	<b>SVAKHEITER</b>
Godt og desentralisert tenestetilbod Kommuneøkonomien Turisme/naturen Lokalisering/E134	Lite fagmiljø/sårbarheit Lvt folketal/"For smått" Næringslivet - ambisjonar/risikovilje Kommuneøkonomien Fritidstilbod
<b>MOGLEIGHEITER ALEINE</b>	<b>MOGLEGHEITER SAMAN</b>
Lokal styring Oppretthalde tenestetilbodet Utnytte lokale fortrinn	Større fagmiljø Næringsutvikling Styrke tenestetilbodet (bredde og spesialisering) Styrka økonomi
<b>TRUSLAR ALEINE</b>	<b>TRUSLAR SAMAN</b>
Svekka kommuneøkonomi Svekka påverkningskraft Svekka fagmiljø Svekka tenestetilbod	Sentralisering av tenestetilbodet Svekka lokaldemokrati Færre arbeidsplassar

Oppsummeringa av SWOT-analyse viser at den gode kommuneøkonomien til Hjartdal har sikra eit desentralisert tenestetilbod - som blir oppfatta som godt. Det er ei forståing av at kommuneøkonomien er pressa og fagmiljøet lite/sårbart.

Når ein ser fram i tid så blir kommuneøkonomien peika på både som ein mogelegheit og ein trussel. Eit nytt inntektssystem for kommunane, samt den generelle utviklinga i norsk økonomi, vil avgjere i kva for grad det er mogeleg å oppretthalde tenestetilbodet.

Eit styrka fagmiljøet blir ein-sidig sett på som positivt ved å bli ein del av ein større kommune. Eit styrka fagmiljø kan igjen gi betre tenestetilbod.

Lokaldemokratiet blir ein-sidig sett på som ein trussel dersom Hjartdal blir ein del av ein større kommune. Det er ikkje vurdert nærdemokratiske ordningar så langt i den lokale prosessen.